

Møte i Sykkylven sokneråd 17. januar 2017
Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 20.00

Til stades: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Bjørg Djupvik Grebstad, Torbjørn Støylen, Liv Hole, Janne Svindseth, Monica Breivik Orre, Helge Standal og Knut Henning Aursnes

Sak 1/17 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjent.

Sak 2/17 **Godkjenning referat frå møte 06.12.16**
Vedtak: Referatet vart einstemmig godkjent.

Sak 3/17 **Bispevisitas 07.-12.02.2017**
a. Soknerådet har gått gjennom visitasmeldinga, som soknerådet finn både inspirerande, interessant og informativ. Soknerådet hadde spørsmålsstillingar til nokre av punkta. Det vart mellom anna stilt spørsmål om tidspunkt for gudstenester og om pkt. 4.1 vedkomande misjons- og evangeliseringsarbeid.

Vedtak: Soknerådsleiaren bringer spørsmåla og kommentarane opp under bispevisitasen, og kvar enkelt medlem tar opp eventuelle eigne kommentarar og spørsmål under bispevisitasen.

b. Soknerådsleiaren gjekk gjennom visitasprogrammet. Sokneråda skal ha møte med biskopen tysdag 07.02.17 kl. 18.30 i Ikornnes kyrkje. Soknerådet vart oppmoda til å delta på dei andre opne arrangementa.

Sykkylven sokneråd står ansvarleg for å arrangere medarbeidarfesten den 08.02.17 kl. 19.00. Soknerådet ønskjer at det vert servert kald drikke, wraps med kylling og laks samt frukt. Liv Hole tar ansvaret for drikke, mat og pynt. Til kaffi og kaffimat før medarbeidarfesten ordnar kvart soknerådsmedlem ei skuffekake eller liknande.

Soknerådet ønskjer følgjande program på medarbeidarfesten:

BlesSing (2 songar), KorKjekt (2 songar) og Credo (1 song til slutt). Helge Standal tar ansvaret for Quiz om medarbeidarrelaterte og kyrkjelege spørsmål. Dette i samarbeid med Arild Sporsheim ang case som utgangspunkt for samtale rundt borda. Fokus på ”frivilligheit” skal her gå att, - noko som er tema for heile kvelden. Biskopen har inspirasjonstale om dette temaet. Allsong akkompagnert av Rose på piano. Sluttord frå Helge Standal. Soknerådsleiari May L.H. Aurdal leier. Når medarbeidarfesten er slutt ønskjer soknerådet at biskopen saman med eventuelt Helge Standal og soknerådsleiaren står ved utgangen og takkar kvar medarbeidar for innsatsen med ei rose og ei helsing.

Sak 4/17 **Misjons-satsing**
Saka vart utsett til neste møte.

Sak 5 /17 **Møteplan vår 2017 for Sykkylven Sokneråd**
17. januar (dagens møte) 28. mars
07. februar (bispevisitas) 09. mai
28. februar 06. juni

Møtetidspunkt vert denne våren normalt frå kl. 20.00 til 22.00

Vedtak: Møteplanen vart einstemmig godkjent.

Eventuelt
Det var ingen andre saker til handsaming

Referent: Knut Hennig Aursnes